

VOLDA–LANGEVÅG 4–0 (1–0)

BANE: Volda stadion, kunstgras

TILSKODARAR: 85

MÅL:

1–0 Kim Bjørge (37),
2–0 Kim Bjørge (53),
3–0 Kim Bjørge (66),
4–0 Espen Viddal (75)

DOMMAR:

Torbjørn Krøvel, Ørsta – 6

GULT KORT:

Mats Nordstrand og
Endre Åkernes (begge Langevåg)

POENG:

3 Jan Fredrik Bjørntvedt,
2 Kim Bjørge,
1 Sivert Heltne Nilsen, alle Volda

KOMMENTAREN: – Vi mangla 6–7 mann frå førsteellevaren, og la oss bevisst lågt frå start. Bra første omgang, men etter kvart vart overmakta for stor, og Volda vann fullt fortent, meinte Langevåg-trenar Andre Fylling, som elles meinte at det var bra at Volda no får seg ny kunstgrasbane!

– Har ikkje laga tre mål i ein kamp sidan smågutealderen, meinte spelande voldtrenar, Kim Bjørge, som var godt fornøgd med laget sitt, særleg etter det forløysande målet i første omgang.

KAMPEN: Det blei etter kvart lett spel for Volda mot eit ungt Langevåg-lag som mangla mange av dei mest rutinerte spelarane sine. Og det var heimelaget som kom best i gang mot eit gjestelag som la seg lågt, men som også pressa høgt.

Dermed vart det store rom på midten for Volda, men utan at dei greidde å produsere all verda første 20 minutta. Og hadde Tor Arne Kroken sin duppar etter 24 minutt gått under tverrliggaren, kunne det heile kanskje fått ei anna utvikling.

Men etter at den tidlegare Langevåg-spelaren Kim Bjørge gjorde 1–0, etter flott forarbeid av gutespelar Sivert Heltne Nilsen, var det i grunnen berre eitt lag på bana.

I andre omgang vart det totalt einvegskøyning mot LIL-målet. Og allereide etter åtte minutt auka Kim Bjørge til 2–0 på ei styring. Same mann laga sitt første hat-trick sidan smågutedagane då han heada inn 3–0 om lag midtveges i omgangen, og vart med det særst sentral på heimelaget i lag med Jan Fredrik Bjørntvedt, midtstopparen hadde full kontroll og gjorde vel knapt ein feil for heile kampen!

4–0-målet var ei perle frå Espen Viddal, som etter fleire bra forsøk tidlegare i kampen trefte vinkelen frå 18 meter. Dermed ein særst fortent trepoengar til heimelaget, der vi også gir honnør til unge Sivert Heltne Nilsen for ein framifrå første omgang. Langevåg kjempa bra før pause, men vart etter kvart totalt utspelt. Og vi noterte ikkje ei einaste avslutning mellom stengene i andre omgang.

Audun Grimstad.